

Sør-Aurdal ungdomsskole  
Samarbeidsutvalet  
ved leiar Ragnhild Kvale  
2930 Bagn

27.01.10

Sør-Aurdal kommune  
2930 Bagn

## **Høringsuttale om skolestruktur**

Samarbeidsutvalet ved Sør-Aurdal ungdomsskole har i møte den 27. januar i sak 05 09/10 drøfta på nytt den delen av forslaget til ny skolestruktur som gjeld skolen. Samarbeidsutvalet vedtok å sende denne fråsegna:

Samarbeidsutvalet viser til det tilsendte høringsdokumentet og meiner delen som gjeld overføring av ungdomstrinnet i Hedalen til SAUS i det store og heile gir ein god informasjon og ei god vurdering av konsekvensane.

Den viktigaste forventa fordel for SAUS slik Samarbeidsutvalet ser det, er at skolen vil kunne få meir pengar å drive for i og med at dette vil gi ei reell økonomisk innsparing for kommunen. Denne økonomiske gevinsten er svært viktig for SAUS. Dette vil for eksempel føre til raskare innføring av nye lærebøker ved skolen. Skolen har drive og driv framleis på grensa til det forsvarlege. Slik kan det ikkje halde fram lenger.

Forventa ulemper/utfordringar for SAUS er at det blir noko færre lærarar pr elev, skolen skal "gå seg til" t.d. sosialt, materielt og areal- og rommessig. Biblioteket må for tre år fordelast på kvar avdeling. Skolen ser dette som overkommelege utfordringar.

Dei viktigaste fordelane for hedalselevane slik vi ser det, er at dei vil auke det sosiale nettverket sitt desse tre åra og vil såleis stå betre rusta for tida seinare på vidaregåande skole.

At skolen både har elevar med bokmål og nynorsk som hovudmål, ser vi på som ein klar fordel og da særleg for sidemålet deira. Elevane på ungdomstrinnet skal skrive begge måla.

Fleksitid og avspasering for dette let seg gjennomføre også for hedalselevane. Som mange av våre elevar kan dei sitje på med foreldrar og andre pendlarar både til og frå kommunesenteret.

Som nemnd lenger opp, vil truleg også hedalselevane få oppleve ein skole med noko romslegare økonomi enn dei har vore vande med.

Utan å samanlikne direkte med skolen dei kjem frå, finn vi det rett å nemne at elevane kjem til ein skole som har vore kjend for det gode sosiale miljøet blant elevar og tilsette gjennom ei årrekke. Dei kjem til ein skole i god utvikling og med stabile lærarkrefter. Personalet er samansett av unge og noko eldre lærarar, men alle har allikevel lang yrkeserfaring som lærarar. Dei har nokså ulik utdanningsbakgrunn frå universitet, lærarhøgskole og andre utdanningsinstitusjonar. Skolen har for tida også full fagdekning. Personalet har eit flott ståpåhumør, dei er ikkje redde for å ta på seg ekstraoppgåver og å prøve ut nye pedagogiske idéar. Dette tilsaman har gjennom mange år gitt positive resultat for alle partar og på ei rekke forskjellige område.

Ulemper for hedalselevane vil særleg vera den lange vegen. Vi meiner imidlertid at denne ulempen blant mange er overdrive. Mange av våre noverande elevar har også lang, bratt og til dels dårleg veg og kjem så og seie alle dagane i året tidsnok. Den lange bussreisa har dei klart å utnytte positivt på ulike måtar og skolen kjenner ikkje til at det har vore t.d. sosiale problem på bussen på sær s l enge.

Ein annan ulempe for hedalselevane vil vera at det blir fleire elevar pr lærar enn dei er vande med, men med tanke på seinare skolegang er det ikkje sikkert dette er til så stor ulempe. Skolen varierer dessutan bruken av lærarane på sær s stutt varsel avhengig av type undervisning og situasjonen til kvar tid. Dette kan skolen gjere fordi kvar trinn-einheit i stor grad styrer seg sjølv.

Kva kan Sør-Aurdal ungdomsskole gjera for å lette på den største ulempen, den lange vegen? Vi er samde om at dagen gjerne kan komprimerast noko slik at bussane for eksempel kan reise klokka 14. Elevane vil da vera t.d. ved Hedalen skole omtrent samstundes med at barneskolen sluttar der og tidlegare enn t.d. elevar ved ein montessoriskole, som er ein heildagsskole.

For kommunen og dei andre innbyggjarane er det fordelar både på stutt og lang sikt. Grunna færre lærarar tilsette i kommunen, vil Sør-Aurdal kommune få betre økonomi, på sikt bør ein forvente eit betre samhald og samarbeid. Sør-Aurdal kommune kan dessutan konsentrere seg om å skjytte/utvikle berre ein ungdomsskole og på ein heilt annan offensiv måte enn dei maktar nett no. Dette er sær s viktig sidan ein må forvente at det i framtida stadig vil bli stilt fleire, større og meir kostnadskrevjande krav til det offentlege skoleverket.

Kva må gjerast på SAUS på stutt sikt for å ta imot hedalselevane? Som det står i høringsdokumentet - nesten ingenting - fordi etter ombygginga for få år sida er skolen blitt sær s fleksibel. Ein må flytte bøker pluss setja ei dør i ein vegg. Ein bør kjøpe inn nokre få garderobeskap. På ei klassetrinnavdeling må ein møblere noko annleis.

Samarbeidsutvalet finn det rett å peike spesielt på ei framtidig utfordring – lærardekninga i kommunen. Full dekning med kvalifiserte lærarar vil bli ei kjempeutfordring i framtida både grunna forventanta lærarmangel og auka krav til dei. Det virkar som dette i særleg grad vil gjelde ungdomstrinnet, og det vil på litt sikt vera heilt urealistisk å skaffe godkjent lærardekning i alle faga ved dei to små ungdomsskolane. Alt no er utdanningskrava til nyttilsette lærarar skjerpa kraftig og spesielt for dei som skal undervise på ungdomstrinnet. Vi viser til §14.2b i Forskrift til Opplæringslova, siste gong endra 1. juli 2008. Dette er ein situasjon politikarane i Sør-Aurdal berre må ta på fullt alvor.

Samarbeidsutvalet ved Sør-Aurdal ungdomsskole vil til slutt kommentere stutt overføringa av Reinli skole til Bagn. Det er viktig at utvidinga ved Bagn skule blir stor nok slik at ein ikkje i for stor grad må støtte seg på bruk av lokale ved SAUS. Uansett løysing for ungdomstrinnet i kommunen, vil vi ha få rom ledige på SAUS. Skolekjøkkenet hos oss er mykje i bruk også for spesialelevar og til kantinebedrift. Det er eigentleg berre eitt rom Bagn skule i stor grad kan dra nytte av hos oss – musikkrommet.

**Konklusjon:**

Samarbeidsutvalet ved Sør-Aurdal ungdomsskole ser det slik at dei samla fordelane for ungdomsskoleelevane frå Hedalen vil vera klart større ved overføring til SAUS enn den største ulempen - lang veg.

SAUS vil få både fordelar og ulemper, men ei overføring av ungdomstrinnet frå Hedalen vil gi så stor økonomisk gevinst at det er verdt det, særleg på litt sikt.

Vi ønsker derfor ungdomsskoleelevane i Hedalen hjarteleg velkomne til SAUS!

For Samarbeidsutvalet ved Sør-Aurdal ungdomsskole:

---

Tor Morten Røhr  
sekretær